

# Lyrikk

## En Lyrisk stafett

*I denne lyriske stafetten vil vi at kolleger skal dele stemninger, tanker og assosiasjoner rundt et dikt som har betydd noe for dem, enten i arbeidet eller i livet ellers. Den som skriver får i oppdrag å utfordre en etterfølger. Slik kan mange kolleger få anledning til å ytre seg i lyrikkspalten. Velkommen og lykke til!*

Tove Rutle – lagleder

Takk for stafettpinnen fra Ragnar Hermstad, ein ven og kollega som deler raust både musikk- og lesaropplevelingar med andre.

Eg arbeider altså i Ulvik, som kommunelege her på 23. året. Det er ei stor og mangfaldig utfordring å vera lege på ein så liten plass og bu og leva mellom pasientane sine. Eg har lika det. Å vera ein del av eit lokalsamfunn, leva med i sorger og gleder, dela levekår, vera nær kvardagslivet. Innimellom er det sjølvsagt naudsint med luft og rom, som ein kan skaffa seg på mange måtar, også utanom bygda.

Eg har gjennom desse åra lært meg å setja stor pris på kulturlivet sine mangfaldige former. Her er mange kulturberarar i Hardanger. Eg vart tidleg kjent med diktinga til Olav H Hauge, og uttrykket hans fann gjenklang i hjarta mitt. Etter som åra har gått, skjørnar eg også meir av språk og bilet.

I fjor vart eg spurt om å leia «Venelaget Olav H Hauge», noko eg gjør med glede. Vi opplevde ein fantastisk poesifestival i Ulvik i september, som del av Hauge-Tveitt-jubileet 2008.

I arbeidet mitt hender det rett som det er at eg finn eit dikt eller ei strofe frå eit dikt som eg deler med ein pasient. Det kan vera ei fin kommunikasjonsform.

Her i bygda vår kjem stadig nye årskull til, og personalet i grunnskulen er dyktige og kreative i å formidla lokal kulturarv til ungane. Våren 2008 sto 10.klasse for ei framsyning basert på Hauge sine tekstar. Dei rappa, song, las, dramatiserte – både på norsk og gjendikting på engelsk, tysk, hollandsk. Slik vert formidling og uttrykk tilpassa nye tider. Dei hadde mellom anna bygd lauvhytter utafor ungdomshuset der oppføringa fann stad. Eg vil gjerne ta med dette diktet, som seier noko om kor godt det kan vera å finna eit lite pusterom eller ein göymestad i poesien.

## Lauvhytter og snæhus

Det er ikkje mykje med desse versi, berre nokre ord, røysa saman på slump.  
Eg synest likevel det er gildt å laga dei, då har eg som eit hus ei litt stund.  
Eg kjem i hug lauvhytton me bygde då me var små:  
krjupa inn i dei, sitja og lyda etter regnet, vita seg einsam i villmarki, kjenna dropane på nasen og i håret –  
Eller snøhusi i joli, krjupa inn og stengja etter seg med ein sek, kveikja ljós, vera der i kalde kveldar.

Eg har og lyst å dela med Utposten sine lesarar eit dikt av ein yngre hardanger-poet. Eg «gjekk meg på» denne diktaren som ei heilt uventa glede på Sola flyplass i haust. På disken i kafeen sto nokre små diktbøker, sikkert som ein del av Stavanger si kulturby-satsing. Fleire av dikta til Odveig Klyve frå Fykssund i Kvam trefte meg heime. Især dette vesle som seier noko om livets gang og samanhengane me står i:

## Steg

Ein gong heldt du meg fast i handa då eg tok mine første steg  
No støttar eg deg der me går over golvet  
Eg kjenner at du har gått langt

Det er ei glede å senda lyrikkstafetten vidare til ein engasjert og trufast allmennpraktikarkollega, Reidar Berge på Voss. Han har vore ei trygg klippe i kommunehelsetenesta og for sine faste pasientar i ein mannsalder. Han har på sin stillferdige måte mykje omtanke og ettertanke å bidra med, og det skulle ikkje forundra meg om han hadde noko lyrikk på lur.

Helsing Unni Solem Bilsbak

ILLUSTRASJONSFOTO: LARS CHRISTENSEN